

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtested:** Telefonmøte  
**Dato:** 07.04.2014  
**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564 (Kari) eller 947 89 126 (Magnus).  
Vararepresentantar møter berre etter nærare beskjed.

**For å kople til telefonmøtet gjer de følgjande:**

- 1. Ring 800 88 860**
- 2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #**

Med helsing

Kari Sveen  
nasjonalparkforvaltar



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 21/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 22/2014	Referatsaker		
RS	Vågå Røde Kors - melding om bruk av ekstra snøscooter til stikking		2013/1014
RS	Besseggløpet - endring av ansvarleg kontaktperson		2013/5721
RS	Administrativ rapport nr. 1 2014 - Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningen av nasjonalparker	X	2014/1812
RS	Nytt rundskriv om forvaltning av verneforskrifter		2010/1102
ST 23/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Jotunheimen nasjonalpark som pilot for utvikling av besøksforvaltning		2014/712
ST 24/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialogen 2014 - Disponering av tildelte tiltaksmidler		2014/130
ST 25/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Til Topps 2014 - Tur mot Galdhøpiggen - Norges Røde Kors m.fl.		2014/1329
ST 26/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Utplassering av båt ved Hinnotetjønne for bruk til fiske - søknad frå Kjell Kleiven oversendt frå Lom fjellstyre		2014/2381
ST 27/2014	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2014 - Etablering av nytt vanninntak og helikotertransport - Stiftinga Avdal Gard		2014/2130
ST 28/2014	Eventuelt		

ST 22/2014 Referatsaker

Protokoll AU-møte 26. mars 2014 2014/1649

Administrativ rapport nr. 1 2014 - Riksrevisjonens undersøkelse av  
forvaltningen av nasjonalparker 2014/1812

Vågå Røde Kors - melding om bruk av ekstra snøscooter til stikking 2013/1014

Besseggløpet - endring av ansvarleg kontaktperson 2013/5721

Nytt rundskriv om forvaltning av verneforskrifter 2010/1102

Arkivsaksnr: 2014/712-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 31.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2014	07.04.2014

## **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Jotunheimen nasjonalpark som pilot for utvikling av besøksforvaltning**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen aksepterer tilbudet om å delta som pilot for utvikling av besøksforvaltning. Nasjonalparkstyret er kjent med krav og forventingar som ligg i Miljødirektoratets prosessbeskrivelse frå utlysinga (vedlagt).

### **Saksopplysningar**

#### Sakspapir

- Sak 19/2014 i nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument
- Søknad datert 17.02.14 til Miljødirektoratet
- Brev frå Miljødirektoratet om tildeling (blir ettersendt, som vedlegg i saka)

Nasjonalparkstyret vedtok i møte 17. februar 2014 å søke om pilotstatus for besøksforvaltning i tråd med opplegg fastsett av Miljødirektoratet. Det var i alt 17 søkjarar, og 6 av desse vart inviterte til møte med Miljødirektoratet. Styreleiar, nasjonalparkforvaltarane og lokalt SNO hadde møte med to representantar frå Miljødirektoratet den 11. mars, der vårt kandidatur vart nærare presentert.

Med bakgrunn i søknad (17.02.2014), og møte i Lom 11. mars 2014, har Miljødirektoratet vald å tilby Jotunheimen nasjonalpark status som pilot for implementering av besøksforvaltning. Dei andre utvalde pilotane er:

- Rondane nasjonalpark
- Varangerhalvøya nasjonalpark

- Hallingskarvet nasjonalpark

Nasjonalparkstyret har fått frist til 30. april 2014 for å akseptere tilbudet. I vedtaket må det gå fram at ein aksepterer krav og forventingar som ligg i Miljødirektoratets prosessbeskrivelse frå utlysinga (vedlagt).

## Vurdering

Om innhald i pilotprosjektet står mellom anna på Miljødirektoratets nettside 28.03.14:

*«Pilotane skal mellom anna skaffe kunnskap om kva for delar av parkane som er spesielt sårbare og må skjermast for auka besøk. Dei skal analysere korleis parkane vert brukt i dag, og kva for betyding dei har for reiselivet i nærområdet. Basert på dette skal dei utvikle strategiar for å handtere og styre auka besøk, mellom anna ved tilrettelegging og etablering av infrastruktur som innfallsportar til parkane for besøkande.*

*– Gjennom pilotarbeidet som desse fire nasjonalparkane skal gjere, vil vi skaffe oss verktøy som dei andre nasjonalparkane kan nytte i tilsvarende arbeid seinare. God besøksforvaltning er ein avgjerande føresetnad for eit vellukka merkevareprosjekt, seier Ellen Hambro.»*

Nasjonalparkstyret fekk framlagt vilkåra for deltaking i pilotprosjektet i sak 19/2014, og har i søknaden og oppfølgjande møte med direktoratet gjort greie for korleis ein vil oppfylle føresetnadene for å delta. Gjeldande besøksstrategi vedteken i 2012 vil danne hovudgrunnlag for gjennomføringa, men ein vil i løpet av pilotperioden revidere strategien når det gjeld punktet sårbarheitsanalyse. Handlingsprogrammet for konkrete tiltak blir revidert årleg, som grunnlag for bestillingsdialogen dei komande år.

Som eit ledd i pilotsatsinga blir Jotunheimen prioritert for kartlegging (Naturtyper i Norge - NiN), og prioritering av kartleggingsområde skjer i dialog mellom direktoratet og forvaltarane/ SNO. Dette vil verta blant verktya for berekraftig bruk av nasjonalparken.

Det vil bli gjeve meir detaljert informasjon i møtet, når det formelle tildelingsbrevet er motteke.

# Prosessbeskrivelse

## Piloter for implementering av besøksforvaltning i Norges nasjonalparker

### 1. Begrepsavklaringer

Besøksforvaltning er ikke et innarbeidet begrep i norsk naturforvaltning og innledende er det nødvendig å skape en felles forståelse gjennom noen begrepsavklaringer.

#### 1.1 Begrepene besøksforvaltning og besøksstrategi

I prosessbeskrivelsen er følgende forståelse av begrepene besøksforvaltning og besøksstrategi lagt til grunn:

Besøksforvaltning:

*Å legge til rette for og styre bruken i en nasjonalpark slik at opplevelsen for de besøkende og den lokale verdiskapingen blir størst mulig, forståelsen for vernet økes og verneverdiene ivaretas.*

Besøksstrategi:

*En besøksstrategi er en plan for hvordan nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for parken. Besøksstrategien skal vise hvilke tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er nødvendige for å balansere verneverdier, besøkende og lokal verdiskaping i et verneområde, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle tre interesser.*

Prinsipp for en besøksstrategi:

*Dersom det er motstridende målsettinger mellom ivaretagelse av verneverdiene, tilrettelegging for de besøkende og lokal verdiskaping, skal ivaretagelse av verneverdiene tillegges størst vekt.*

#### 1.2 Besøksstrategi som del av forvaltningsplanen

Besøksstrategien skal være en del av den helhetlige forvaltningen av nasjonalparken og skal ses i sammenheng med forvaltningsplanen. Som del av forvaltningsplanen, eller som selvstendig dokument som supplement til forvaltningsplanen, skal besøksstrategien godkjennes av Miljødirektoratet.

### 2. Prosjekt «Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker»

Arbeidet med besøksforvaltning er en del av Miljødirektoratets prosjekt «Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker». Prosjektet skal utvikle en merkevarestrategi for nasjonalparkene og naturinformasjonssentrene, og besøksforvaltning som verktøy for god forvaltning av nasjonalparkene. I første omgang skal utvikling og implementering av besøksforvaltning gjennomføres i tre til fire prioriterte nasjonalparker som piloter.

## 2.1 Hvorfor piloter?

Pilotene skal realisere strategier og verktøy utviklet i hovedprosjektet «*Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker*». I pilotene skal vi utvikle og implementere nye forvaltningsverktøy for å ivareta naturgrunnlaget, samtidig som vi skal bli synlige og troverdige som tilretteleggere for verdiskaping knyttet til nasjonalparkene. Høy kvalitet i pilotene er absolutt nødvendig for å skape ekstern og intern forståelse av hva besøksforvaltning er. Pilotene skal også tydeliggjøre hvilket nivå besøksforvaltningen må ligge på for å innfri de forventinger til godt vertskap en merkevarestrategi for Norges nasjonalparker vil skape. Kvalitet, synlighet og troverdighet krever en ressursmessig kraftsamling om utvalgte nasjonalparker.

## 3. Valg av piloter- prosessbeskrivelse

Alle nasjonalparkstyrever som vurderer besøksforvaltning som metode for å løse forvaltningsutfordringer i egen nasjonalpark oppfordres til å presentere sitt kandidatur som pilot. Nasjonalparkstyrene må være bevisste de forventinger som ligger til pilotene, beskrevet i punkt 5, og være villige til å prioritere de ressurser som er nødvendige.

### 3.1 Presentasjon av kandidatur

Presentasjonen skal leveres som notat med følgende innhold knyttet til den aktuelle nasjonalpark:

- Hvilke forvaltningsutfordringer som skal løses gjennom besøksforvaltning, med utgangspunkt i de fire forvaltningsmålene: ivareta verneverdiene, øke oppslutningen om nasjonalparkforvaltningen og verneverdiene, best mulig opplevelse for den besøkende, størst mulig lokal verdiskaping
- Eksisterende og planlagte planer, prosjekter og tiltak relatert til besøksforvaltning
- Eksisterende og planlagt forskning/ kunnskap om naturgrunnlag og brukere
- Samarbeidsprosjekter mellom nasjonalparkstyret, Statens naturoppsyn og naturinformasjonssenter
- Samarbeidsprosjekter mellom nasjonalparkstyret og aktører innen friluftsliv, reiseliv, annen næringsvirksomhet
- Relevante eksisterende og planlagte planer og prosjekter i næringen og offentlige utviklings-/ verdiskapingsprosjekter
- Gjennomføringsevne, ressurser og forutsetninger som pilot
- Dato og sted for møte mellom Miljødirektoratet og kandidaten. Jamfør pkt.3.2.

Notatet skal være på maksimalt 5 sider. Ev. prosjektplaner etc. kan legges ved. Nasjonalparkforvalter skal skrive notatet. Skriftlig utgave av notatet sendes til Miljødirektoratet senest 24. februar 2014. Notatet skal samtidig sendes elektronisk til Miljødirektoratet. Fristen er absolutt.

Postadresse:

Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim

E-post:

[post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)

Merkes med saksnummer: 2014/967 Piloter for implementering av besøksforvaltning i Norges nasjonalparker.



### **3.2 Møter mellom Miljødirektoratet og et utvalg kandidater**

Etter en første prioritering besøker Miljødirektoratet et utvalg kandidater for gjensidige avklaringer. Møtene gjennomføres i perioden 3. mars til 20. mars 2014. Deltakere fra kandidaten skal være: nasjonalparkforvalter/-e, leder nasjonalparkstyret, representant fra Statens naturoppsyn lokalt og representant fra eventuelt naturinformasjonssenter.

### **3.3 Antall piloter**

Miljødirektoratet velger 3 til 4 nasjonalparkstyrer som piloter.

### **3.4 Kriterier for valg av piloter**

Miljødirektoratet baserer sitt valg av piloter på innlevert notat og oppfølgende møter med et utvalg kandidater. Følgende påpekes:

Nasjonalparker med høyt besøkstrykk, etablert reiselivsinfrastruktur og hvor bruk er en viktig del av verneformålet vil være i overvekt blant de utvalgte. Men for bredde og variasjon i eksempler og erfaringer bør også nasjonalpark/-er med andre karakteristika være representert i utvalget.

Miljødirektoratet er opptatt av høy gjennomføringsevne og gode samarbeidsforhold i pilotene.

Miljødirektoratet vektlegger høy kvalitet på leveransene og sterk lojalitet til tidsplaner og satsinger i prosjekt «Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker».

### **3.5 Tilbud og formalisering**

Tilbudsskriv til utvalgte nasjonalparkstyrer går ut 27. mars. Ved å takke ja til tilbudet bekrefter nasjonalparkstyrene sin intensjon om å innfri de forventninger Miljødirektoratet stiller til arbeidet som del av prosjekt «Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker». Tilbudet skal være godkjent som vedtak i nasjonalparkstyret innen 30. april 2014.

### **3.6 Oppsummert tidsplan for utvalgsprosess 2014**

- Kandidatene leverer presentasjon senest 24. februar
- Møter mellom Miljødirektoratet og et utvalg kandidater i perioden 3. mars. til 20. mars
- Miljødirektoratet velger piloter 26. mars
- Miljødirektoratet sender tilbudsskriv til utvalgte nasjonalparkstyrer 27. mars
- Nasjonalparkstyrene godkjenner tilbud i vedtaksform innen 30. april

## **4. Gjennomføring av piloter**

Nasjonalparkstyrene lager en besøksstrategi innen mai 2015 og starter gjennomføring av besøksstrategiens tiltaksplan så raskt som mulig og senest januar 2016.

### **4.1 Planleggingsfase 2014 og 2015**

Tiltak:

1.

Som del av samlet forvaltningsplan for området utvikle en besøksstrategi for den respektive nasjonalpark. Herunder brukerundersøkelser, reiselivsanalyser og sårbarhetsanalyser. Analysene skal ligge til grunn for besøksstrategiens tiltaksrekke. Besøksstrategien skal utvikles etter maler fra Miljødirektoratet.

2.

Utvikle en prosjektplan for gjennomføring av besøksstrategiens tiltaksrekke. Herunder prosjektering av eventuelle fysiske tilretteleggingstiltak. Prosjektplanen med eventuell prosjektering av fysiske tilretteleggingstiltak skal utvikles etter mal fra Miljødirektoratet.

### **4.2 Gjennomføringsfase 2016- 2017**

Gjennomføre besøksstrategiens tiltaksrekke. Eks. kunnskapsinnhenting, sikre verneverdier, helhetlig informasjonsstrategi, opplevelsestilbud og naturveiledning, fysisk tilrettelegging og restaureringstiltak, overvåking, samarbeid og rollefordeling etc.

## **5. Forventninger, oppgaver og rolleavklaringer**

Miljødirektoratet har klare målsettinger med pilotene og vil sikre at disse blir innfridd gjennom tydelige forventninger og tett oppfølging av det enkelte nasjonalparkstyre.

### **5.1 Miljødirektoratets oppfølging**

Fra Miljødirektoratets side innebærer dette:

- Kontinuerlig dialog med pilotene i form av møter, erfaringsutvekslinger og årlige statusrapporter fra nasjonalparkstyrene.
- Godkjenning av årlige prosjektplaner med tiltaksplaner i pilotene.
- Kontinuerlig vurdering av tildeling av midler basert på gjennomføringsevne og kvalitet i pilotene.
- Rådgivning og utvikling av verktøy til bruk i pilotene.

## 5.2 Forventninger til utvalgte nasjonalparkstyrer

Nasjonalparkstyret står som ansvarlig for gjennomføring av pilotene. Nasjonalparkforvalter skal lede arbeidet med utvikling og gjennomføring av besøksstrategien. Nasjonalparkstyret må derfor vurdere forvalters kapasitet til å gjennomføre et prosjekt innen besøksforvaltning i lys av status for forvaltningsplanen og andre oppgaver. Ekstern kompetanse kan benyttes i delleveranser, eks. kunnskapsinnhenting, men nasjonalparkforvalter skal skrive selve besøksstrategien.

Utvalgte nasjonalparkstyrer må som piloter:

- Støtte utvelgelsen som pilot som del av prosjekt «*Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker*» i vedtaksform.
- Akseptere at finansiering av pilotene er en årlig tildeling basert på høy kvalitet i leveransene og ikke en finansiell garanti for hele utviklingsperioden.
- Prioritere de tiltak som piloten medfører i bestillingsdialogen om tiltaksmidler til nasjonalparken.
- Sette av tilstrekkelige personalressurser til gjennomføring av piloten.
- Utvikle og implementere besøksstrategi for nasjonalparken. Strategien skal godkjennes av Miljødirektoratet i løpet av 2015.
- Utvikle og implementere prosjektplan for besøksstrategiens tiltaksdel, herunder prosjektering av eventuelle fysiske tilretteleggingstiltak. Prosjektplanen skal godkjennes av Miljødirektoratet i løpet av 2015.
- Levere årlige statusrapporter til Miljødirektoratet med tiltaksplaner for kommende år.
- Implementere alle verktøy og maler som utvikles i Miljødirektoratets hovedprosjekt «*Merkevarestrategi og besøksforvaltning i Norges nasjonalparker*», herunder ny merkevarestrategi for nasjonalparkene.
- Fast, og på anmodning, gjennomføre dialogmøter med Miljødirektoratet.
- Delta i arbeidsgruppe koordinert av Miljødirektoratet for erfaringsoverføring mellom pilotene.
- Bidra i erfaringsoverføring til landets øvrige nasjonalparker og andre interesserte både underveis i prosjektet, og i videreføring av arbeidet med besøksforvaltning etter 2017.
- Følge Miljødirektoratets tidsplan for gjennomføring av piloter i perioden 2014 til og med 2017.

## **6. Erfaringsoverføring og videreføring**

Pilotene skal være gode modeller for full implementering av besøksforvaltning i øvrige nasjonalparker.

Det blir etablert en arbeidsgruppe bestående av nasjonalparkforvalterne fra pilotene for kontinuerlig oppsummering av erfaringer. Gruppen skal bidra til erfaringsoverføring til øvrige nasjonalparkstyrer, og andre interesserte, samt bidra i utvikling av strategi for implementering av besøksforvaltning i landets øvrige nasjonalparker. Miljødirektoratet koordinerer arbeidet i gruppa.

## **7. Faglig bistand og finansiering fra Miljødirektoratet**

Med status som pilot følger faglig oppfølging og verktøyer i utvikling og gjennomføring av besøksstrategiene, samt mulighet til å bidra i utvikling av besøksforvaltning i Norges nasjonalparker.

De utvalgte pilotene blir prioritert over bestillingsdialogen. Samtidig må de utvalgte nasjonalparkstyrene fra 2015 prioritere de tiltak som piloten medfører i bestillingsdialogen. For 2014 gis det midler til planlegging i tråd med oppgavene i punkt 4.1. Det presiseres at finansieringen er begrenset og budsjettavhengig og at finansiering av pilotene er en årlig tildeling basert på tiltaksplaner og høy kvalitet i leveransene, og ikke en finansiell garanti for hele utviklingsperioden.

## **8. Øvrige nasjonalparker**

På lengre sikt har Miljødirektoratet en intensjon om at alle nasjonalparkstyrene skal innføre behovstilpasset besøksforvaltning. Miljødirektoratet ser derfor positivt på aktivt arbeid med besøksforvaltning også i de nasjonalparker som ikke blir valgt som piloter. Miljødirektoratet tar sikte på å bistå med verktøy og rådgivning også for de nasjonalparkstyrer som ikke blir valgt som piloter.

Arkivsaksnr: 2014/130-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 28.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	24/2014	07.04.2014

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialogen 2014 - Disponering av tildelte tiltaksmidler

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer tiltaksmidlane frå bestillingsdialogen for 2014 slik:

#### Skjøtsel: Totalt 430 000,-

Heimre Utladalen	kr. 350 000,-
Guridalen	kr. 35 000,-
Gjendebuområdet	kr. 45 000,-

#### Tilretteleggingstiltak: 490 000,-

Oppgradering stinett	kr. 350 000,-
Bruprosjekt	kr. 140 000,-

#### Informasjon: 280 000,-

Tavler/plakatar	kr. 18 000,-
Naturrettleiar	kr. 150 000,-
Sårbarheitsanalyse til besøksstrategi og forvaltningsplan	kr. 30 000,-
Lokal turapp – fokus lokale turar	kr. 62 000,-
Barnas naturoppsyn – transport	kr. 20 000,-

For detaljar, sjå vedlegg til saka.

### Saksopplysningar

Årleg vert det tildelt tiltaksmidlar til ulike verneområde frå Miljødirektoratet gjennom den såkalla Bestillingsdialogen. Etter eit fellesmøte mellom forvaltarar og lokalt SNO, vert det sett opp eit framlegg til søknad på hausten for ulike tiltak i verneområdet. Parallelt vert den meir langsiktige

tiltaksplanen revidert. Endeleg søknad vert vedteke og sendt inn for nasjonalparkstyret, i år 10. januar 2014.

Basert på dei årlege tildelingar gjennom statsbudsjettet, fordeler Miljødirektoratet tiltaksmidlar til dei ulike verneområda basert på søknadane som er komne inn. Med utgangspunkt i endeleg tildelte midlar til tiltak, går forvaltarar og lokalt SNO gjennom tiltaka og utarbeidar framlegg til endeleg disponering av tiltaksmidlar. Nasjonalparkstyret gjer endeleg vedtak

## Vurdering

I 2014 vart det søkt om 1,948 millionar gjennom bestillingsdialogen (2013: 2,070 millionar). Miljødirektoratet har tildelt 1,2 millionar til tiltak i Jotunheimen og Utladalen i 2014 (2013: 1,62 millionar). Nasjonalparkforvaltarane har derfor saman med lokalt SNO gått gjennom tiltaka i søknaden og vurdert behovet på nytt; mogleg utsetting eller avkorting. Vedlagt skjema gjer detaljane for kvart prosjekt, mens det i denne vurderinga er kommentert gruppevist. Samla omfang av føreslegne disponeringar er på 1,2 millionar.

## Skjøtsel: Totalt 430 000,-

<i>Heimre Utladalen</i>		<i>kr 350 000</i>
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	kr 250 000,00	
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	kr 50 000,00	
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	kr 50 000,00	
<i>Guridalen</i>		<i>kr 35 000</i>
Kratt og skogrydding/vedlikehald	kr 10 000,00	
Krattrydding Guridalen	kr 25 000,00	
<i>Gjendebuområdet</i>		<i>kr 45 000</i>
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	kr 15 000,00	
Styrt beite ved Gjendebu (storfe)	kr 30 000,00	
Slått av kve ved Gjendebu som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald	kr -	

Skjøtsel er eit årleg behov og det er framlegg fordeling slik som det vart søkt om i haust. Samanlikna med 2013 er nivået noko mindre, noko som delvis skuldast at kostandar til slåttekurset på Gjendebu ikkje er med. Dette kurset ønskjer SNO å løfte opp som eit tilbod til sine tilsette og tek dermed kostnadane.

## Tilretteleggingstiltak: Totalt 490 000,-

<i>Oppgradering sti</i>		<i>kr 350 000</i>
Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa området.	kr 70 000,00	
Besseggen. Omfattande stislitasje grunna hard bruk. Må tilrettelegge tungt for å unngå skade på vegetasjon og landskap.		
Forprosjekt for å vurdere hovudprosjekt og enklare tiltak.	kr 200 000,00	
Langs Gjende mellom Memurubu og Gjendesheim	kr 80 000,00	
<i>Bruprosjekt</i>		<i>kr 140 000</i>
Ny bru over Maradøla som erstatning for gamal og nå farleg bru.	kr 40 000,00	
Ny bru over Uta (ved Maradøla) som erstatning for gamal og nå farleg bru.	kr 100 000,00	

Det viser seg at Jotunheimen og Utladalen har eit kontinuerleg behov for oppgradering og vedlikehald av eksisterande stinett. I år er det planlagt større tiltak på Besseggen og langs Gjende. Det viser seg å vere ressursparande å ikkje spreie steinarbeida på mange lokalitetar. Tiltaket på Besseggen er planlagt vidareført også neste år. Prosjektet vestover frå Memurubu mot Sjugurdstind er føreslege utsett til neste år, men kan starte opp dersom det er ressursar til det i år.

Bruer er viktige for ferdsel i området. Dei to bruene ved Vettismorki som var omsøkt er føreslege utsett i samråd med DNT Oslo og Omegn. Neste år ønskjer dei å bli med på ei felles finansiering av tiltak på desse bruene. For 2014 er det framlegg om å bruke midlar på bruene ved Vormeli. Omfanget av desse tiltaka er usikre og avsett beløp er derfor redusert.

#### **Informasjon: Totalt 278 800,-**

Tavler/plakatar	kr 18 000,00
Naturrettleiar - 2 sesongtilsette	kr 150 000,00
Sårbarheitsanalyse til besøksstrategi og forvaltningsplan	kr 30 000,00
Lokal Turapp. Både merka ruter i verneområdet og lokale turar rundt turisthyttene.	kr 60 800,00
Barnas Naturoppsyn - transport	kr 20 000,00

Saman med tilretteleggingstiltak er informasjonstiltak viktig for opplevinga av verneområdet for dei besøkande og formidling av verneverdiar. God informasjon kan også bidra til lokal verdiskaping og kunnskap om verneverdiane.

I tråd med tiltaksplanen er det føreslege å lage tre nye plakatar, i tillegg til dei som er under produksjon. I tillegg er det føreslege å starte opp arbeidet med å utvikle eit turskildringsverktøy (tiltak kalla «lokal turapp» i søknaden). I 2014 er det føreslege at ein tek første steg som inkluderer etablering av ein turdatabase med integrering på heimesidene til nasjonalparkstyret. Dette kan seinare vidareutviklast til ein turapp for mobil dersom ein ønskjer dette. Turskildringsverktøyet er planlagt som eit supplement til ut.no og skal ha fokus på nærturar frå dei viktigaste innfallsportane og overnattingsbedriftene. Dette gjer oss også moglegheit til å informere om kulturminne i verneområdet. Kostnaden som er lagt inn gjeld etablering og eitt års drift. Tiltaket vil gje årlege driftskostnadar.

SNO og nasjonalparkforvaltarane er godt i gang med å lage eit opplegg for lokale barneskuleelevar, kalla Barnas naturoppsyn. Det er føreslege å sette av midlar til transport av elevar til utedag i haust. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Breheimen og Reinheimen.

Som utplukka pilot for besøksforvaltning skal det i sommar starte opp arbeid med å kartlegge vegetasjon, særleg sårbar vegetasjon. Saman med kartlegging av sårbar fauna vil dette gje oss moglegheit til å styre auken i trafikk der det er mindre konflikstar med verneverdiane. Me ønskjer å starte arbeidet med å vurdere sårbarheit allereie i 2014, kanskje i eit mindre område og føreslår å halde på denne posten.

Bestillingsdialog 2014 - omsøkt, justert og planlagt vidare								
Kort beskrivelse av tiltak	Prioritet tiltaksplan 2014	Kostnads-overslag (kr) 2014	Merknader frå Mdir		Økonomisk ansvar	2015	2016	Merknad/kommentar
Naturetrelleiar - 2 sesongtilsette	1	kr 200 000,00	Ok	kr 150 000,00	SNO-lokalt	kr 200 000,00	kr 200 000,00	Ein tilsett som i 2013
Sårbarheitsanalyse til besøksstrategi og forvaltningsplan	1	kr 30 000,00	Ok	kr 30 000,00	Nasjonalparkstyret			
Tilpassing av eksisterande informasjonstavle ved Eidsbugarden	1	kr 10 000,00	Ok	kr -				Etter dialog med kommunen, viser dette å seg å vere ei dårleg løysing
Nye mal for infoskilt ved hovudinnfallsportane. Både generellog spesiell info	1	kr 30 000,00	Ok	kr -				Avventar merkevarestrategien
Nye skilt ved Juvasshytta	1	kr 6 000,00	Ok	kr 6 000,00	Nasjonalparkstyret			
Nye skilt ved Eidsbugarden	1	kr 10 000,00	Ok	kr -				Gjennomført vinter 2014
Nye skilt ved Sognefjellshytta	1	kr 6 000,00	Ok	kr 6 000,00	Nasjonalparkstyret			
Nye skilt ved Gjendesheim	1	kr 6 000,00	Ok	kr 6 000,00	Nasjonalparkstyret			
Innsamling og presentasjon av stølshistorikken i Jotunheimen og Utladalen (på digital plattform). Vidareføring av MONA-prosjektet "I Gjendine Slålien sine fotspor"	2	kr 40 000,00	Ok	kr -				Bruke Turapp som plattform
Lokal Turapp. Både merka ruter i verneområdet og lokale turar rundt turishyttene.	2	kr 200 000,00	Ok	kr 62 000,00	Nasjonalparkstyret	kr 22 800,00	kr 22 800,00	Nettbasert turskildring med utgangspunkt i innfallsportane. Kan utvidast med formidling av kulturminne og kanalisering av ny aktivitet som sykling
Bidrag til tak, vindu og dør på steinsel i Guridalen	3	kr 70 000,00		kr -				Restaurering av kulturminner skal primært dekkes av annen myndighet.
Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa området.	1	kr 100 000,00	Ok	kr 70 000,00	SNO-lokalt	kr 100 000,00	kr 100 000,00	Viser til kommentar frå direktoratet. Alternativ finansiering?
Besseggen. Omfattande stilsitasje grunna hard bruk. Må tilrettelegge tungt for å unngå skade på vegetasjon og landskap. Forprosjekt for å vurdere hovudprosjekt og enklare tiltak.	1	kr 200 000,00	Ok	kr 200 000,00	SNO-lokalt			
Langs Gjende mellom Memurubu og Gjendesheim	1	kr 80 000,00	Ok	kr 80 000,00	SNO-lokalt			
Sjugurdstind - Memurubu. Oppstart og førebuing.	2	kr 100 000,00	Ok	kr -				Startar planlegging, men tek arbeidet i 2015
Ny bru over Maradøla som erstatning for gamal og nå farleg bru.	2	kr 80 000,00	Ok	kr 40 000,00	Nasjonalparkstyret			Usikkert kostnadsnivå
Ny bru over Utle (ved Maradøla) som erstatning for gamal og nå farleg bru.	1	kr 200 000,00	Ok	kr 100 000,00	Nasjonalparkstyret			Usikkert kostnadsnivå (samla 140 000,-?)
Ny bru over Fleskedøla - stokkbru	1	kr 80 000,00	Ok	kr -				Bruer som kan samfinansierast med DNT (spelemidlar). Utsett til 2015 i dialog med DNT O&O
Ny bru over bekk ved Morka-Koldedøla like før Vettisfossen - enkel stokkbru	1	kr 30 000,00	Ok	kr -				Bruer som kan samfinansierast med DNT (spelemidlar). Utsett til 2015 i dialog med DNT O&O
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	1-2	kr 250 000,00	Ok	kr 250 000,00	SNO-lokalt	kr 250 000,00	kr 250 000,00	
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	1	kr 50 000,00	Ok	kr 50 000,00	SNO-lokalt	kr 50 000,00	kr 50 000,00	
Styving/rising av alm og lind. Både vedlikehald av gamle og nyrekrutering i heimre Utladalen. Rullering mellom tre som at ein tek nokre tre kvart år.	1	kr 50 000,00	Ok	kr 50 000,00	SNO-lokalt	kr 50 000,00	kr 50 000,00	
Krattrydding Guridalen	1	kr 25 000,00	Ok	kr 25 000,00	SNO-lokalt	kr 25 000,00		
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	1	kr 15 000,00	Ok	kr 15 000,00	SNO-lokalt	kr 15 000,00	kr 15 000,00	
Styrt beite ved Gjendebu (storfe)	1	kr 30 000,00	Ok	kr 30 000,00	SNO-lokalt	kr 30 000,00	kr 30 000,00	
Kratt og skogrydding/vedlikehald	1	kr 10 000,00	Ok	kr 10 000,00	SNO-lokalt	kr 10 000,00	kr 10 000,00	
Slått av kve ved Gjendebu som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald	1	kr 20 000,00	Ok	kr -		kr 20 000,00	kr 20 000,00	
Barnas Naturoppsyn - transport	1	kr 20 000,00		kr 20 000,00	Nasjonalparkstyret	kr 20 000,00	kr 20 000,00	

Sum kr 1 948 000,00 kr 1 200 000,00 kr 792 800,00 kr 767 800,00



Arkivsaksnr: 2014/2381-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 27.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	25/2014	07.04.2014

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjønne - søknad frå Kjell Kleiven oversendt frå Lom fjellstyre**

### **Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknad frå Kjell Kleiven om utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjønne med heimel i verneforskrifta § 3.1, som vernar landskapet mot tekniske inngrep og anlegg av alle slag. Grunngeving:

- Etablering av varige innretningar som fiskegarnkasser opnar for ein ny praksis som ikkje er foreinleg med målet om å halde omfanget av tekniske inngrep på eit generelt lågt nivå, og i særleg grad der det ikkje er tekniske inngrep frå før.
- Forvaltningsplanen (utkast 2008) gjev føring om å halde omfanget av båtar nede, noko som kan oppnåast ved at det vert samarbeidd om båthald og plassering. Det blir vist til uttale frå tilsynsutvalet i 1997 om utplassering av båt ved Hinnotetjønne, der det vart tilrådd felles tilrettelegging i regi av fjellstyret dersom det vart pågang frå fleire om å få utplassere båt ved same vatnet. Det er i dag i alle fall to private båtar ved Hinnotetjønne frå før, og nasjonalparkstyret ønskjer ikkje å opne for inntransport av fleire private båtar før ein har vurdert moglegheitene for etablering av eit felles tilbod for allmenta. Dette på grunn av presedensverknad, som vil forsterkast for kvart nye løyve som blir innvilga.

Saka vert sendt attende til for ny behandling i tilsynsutvalet og fjellstyret, med invitasjon til dialog med tanke på å få klarlagt kva som må til for å til eit felles tilbod for allmenta.

Det blir vidare gjennomført ei høyring til dei aktuelle fjellstyra og alle tilsynsutvala, for å få ein prinsippdiskusjon kring spørsmålet om utplassering av båtar for privatpersonar og eventuell plassering av faste installasjonar som garnkasser ved vatn i nasjonalparken før nye enkeltsøknader blir tekne opp til behandling.

## Saksopplysningar

Sakspapir:

- Søknad datert 22.1.2014 frå Kjell Kleiven, oversendt frå Lom fjellstyre.
- Utskrift av møtebok 17.02.2014, Sak 6/2014 frå Lom Fjellstyre: Leir- og Bøverdalen statsallmenning – Jotunheimen nasjonalpark. Utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjernet.
- Tidlegare saker om utplassering av båtar i nasjonalparken.

### Saksutgreiing:

Fjellstyret har behandla søknad frå Kjell Kleiven om løyve til å få utplassere båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjønnen. I søknaden blir det vist til at det allereie ligg to private båtar ved vatnet, og Kleiven reknar derfor med at det dermed går greitt å få innvilga ein søknad. Han søker samstundes om løyve til transport av båten inn på vinterføre, men er open for forslag frå fjellstyret med tanke på frakt av denne.

Fjellstyret har ved behandling i møte 17.02.14 gjort slik vedtak:

*«Lom fjellstyre stiller seg bak den uttala fjellstyret gjorde i sak nr. 27/99 som galdt utplassering av båtar ved fiskevatn i verneområde, og tilrår at forvaltningsstyresmaktene gjev løyve til utplassering på same vilkår som før.*

*Fjellstyret v/fjellopsynet er eventuelt villige til å hjelpe til med transporten. Dette bør om mogleg kunne takast i tilknytning til ei eventuell stikking av den nye vinterløypa frå Memurudalen til Storådalen over Hinnotetjernet.*

*Samrøystes.»*

Uttalen det blir vist til (sak 27/99) hadde bakgrunn i følgjande utdrag av møtebok frå fjellstyret. I samband med søknad om utplassering av båt ved Nedre Høgvagltjernet i 1999 stilte forvaltningsmyndigheitene følgjande spørsmål til fjellstyret:

- *Kan det vera aktuelt at Lom fjellstyre held båt i dei vatna der det er ynskjeleg med eit aktivt fiske og stiller båten til disposisjon for dei som har rett til garnfiske?*
- *Er det spesielle generelle vilkår som må vera oppfylte for at det skal vera aktuelt at det vert lagt båt/båtar ved eit vatn, t.d. vatnareal, biologiske og geografiske tilhøve, soneinndeling i nasjonalparken o.s.v.?*
- *Er det spesielle vilkår som må stillast vedrørande båttype, fargar, kamuflering ved lagring o.a.?*
- *Er det spesielle vilkår som bør stillast av fjellstyret eller staten som grunneigar og som det ikkje er grunnlag for å stille med utgangspunkt i verneforskrifta? (Vi tenkjer her t.d. på krav om at ein privat båt skal kunne nyttast av fjellstyret til prøvafiske o.a.).*
- *Fylkesmannens miljøvernavdeling meiner at eventuelle løyve til privatpersonar i slike saker må avgrensast i tid. Er i tilfelle fem år ei høveleg avgrensing?*
- *Kva slag praksis bør ein leggje seg på når det gjeld motorisert transport av båtar innanfor nasjonalparken?*

Til spørsmåla over hadde fjellstyret desse svara/merknadene; vedtak i sak nr. 27/99:

- *Fjellstyret har tilrettelagt både med hytte og båt til disposisjon på eitt vatn innan nasjonalparken. Vidare tilrettelegging med naust og båt på fleire vatn har vore drøfta, og det er ei positiv innstilling til dette. Men dette er ikkje minst eit økonomisk spørsmål og eit spørsmål om å påta seg arbeid med tilsyn og vedlikehald. Dersom det vert lagt restriksjonar på utplasseringa av båtar for privatpersoner, ser fjellstyret det som naturleg at ei tilrettelegging med båtar for almenta skjer i samarbeid med forvaltningsstyresmaktene for nasjonalparken, og at båtane bidreg med økonomisk stønad til slike tiltak. Det var ein klar føresetnad for den*

lokale tilslutninga til opprettinga av verneområdet, at jakt og fiske skulle kunne utøvast som tidlegare.

- Utplassering av båtar bør avgrensast til vatn der garnfiske er tillate.
- Det må setjast vilkår om at båtane skal lagrast og eventuelt kamouflerast slik at dei blir lite synlege og minst mogleg skjemmande i terrenget.
- Det bør setjast krav om at båtane skal kunne nyttast i fiskekultiveringsarbeid og ved eventuell anna prøvetaking i vatnet gjort av fjellstyret eller det offentlege.
- Det bør ikkje setjast tidsavgrensing, men det må setjast krav om at båtane skal fjernast dersom desse vert øydelagte eller ikkje lenger er i bruk. Vidare bør det presiserast at løyvet må vurderast på nytt, dersom det kjem ny søknad frå andre om utplassering av båt ved same vatnet.
- Transport med snøscooter på vinterføre bør tillatast.

## Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2003)
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)
- Naturmangfaldlova

### Verneforskrift for Jotunheimen

- Etter § 3.1 er landskapet i Jotunheimen nasjonalpark verna mot tekniske inngrep og anlegg av alle slag.
- Verneforskrifta set forbod mot motorferdsel. Dispensasjon for utkjøring av båt må vurderast etter den generelle unntaksheimelen i gjeldande forskrift § 4. Denne er nå avløyst av dispensasjonsheimelen gjeve i naturmangfaldlova § 48.
- Plassering av båt og garnkasse må også behandlast etter nmf § 48, da det ikkje er blant tiltak som er nemnd spesifikk som moglege unntak i verneforskrifta. Terskelen for å gje løyve er skal etter dette vera høg.

Utkast til forvaltningsplan, som vart sendt til godkjenning i direktoratet i 2008, har følgjande føringar for utplassering av båt og haldning til motorferdsel:

- *Ved nokre mindre fiskevatn er det robåt. Båtar som ikkje er i bruk er godt synlege i terrenget. Det er viktig å halde omfanget av båtar nede, noko som kan oppnåast ved at det vert samarbeidd om båthald og plassering. Båtar som er i verneområda i dag, kan skiftast ut utan søknad om dei er av same storleik, medan båtar på nye stader/vatn må ha dispensasjon frå verneforskrifta.»*
- *Retningslinjer: Minst mogleg motorisert ferdsl i nasjonalparken*

### Tilsvarande saker og etablert praksis:

Det har med ujamne mellomrom vore spørsmål om utplassering av båtar ved nokre vatn i Jotunheimen nasjonalpark. Fjellstyret gjorde ei generell uttale til dette spørsmålet i 1995, da det var søknad om å få leggje ein båt ved Leirtjernet på Skautflya, sak 27/95: *"Fjellstyret meiner at det er, og må vera høve til utplassering av båtar ved fiskevatn i nasjonalparken, når formålet med utplasseringa er å utøve den retten innanbygdsbuande har til å fiske med fastståande reiskap i eit vatn. At jakt og fiske skulle kunne utøvast som det hadde vore gjort før, og etter gjeldande lover og forskrifter frå fiske- og viltstyresmaktene, var ein viktig føresetnad for den lokale tilslutninga til opprettinga av nasjonalparken, og dette vart det teke omsyn til ved utforminga av vernereglane. Å nekte utplassering av båtar vil vera eit inngrep og ei svekking av dei føremunane innanbygdsbuande har til fiske etter fjellova."*

Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark var samde med fjellstyret i dette synet *"når formålet med dette er å utnytte fisket i kraft av dei rettane som ligg til innanbygdsbuande*

*i kommunen." Dersom det vart pågang frå fleire om å få utplassere båt ved same vatnet, meinte utvalet at dette burde løysast ved at fjellstyret stod for til rettelegginga. Dette tok også forvaltningsmyndigheitene til orde for da det i 1997 vart gjeve løyve til å utplassere ein båt ved Hinnotetjønne.*

Spørsmål om presedens er viktig når det gjeld denne typen tiltak. Alle fastbuande i Lom har rett til garnfiske, slik at ein i utgangspunktet kan få risikere svært mange søknader om det blir etablert praksis å gje løyve til utplassering av båt for privatpersonar. I praksis vil ein nok ikkje få veldig mange slike søknader til eit såpass avsidesliggende vatn som Hinnotetjønne, men det er allereie i dag 2 eller 3 private som har båt der. Det synest derfor vera behov for å ta stilling til om det heller må leggjast til rette med eit felles tilbod, jf. synspunkt referert i saksutgreiinga frå fjellstyret: *«Dersom det vart pågang frå fleire om å få utplassere båt ved same vatnet, meinte utvalet at dette burde løysast ved at fjellstyret stod for til rettelegginga.»*

#### Andre vatn i nærleiken:

Memurubu turisthytte søkte i 2006 om løyve til å få kjørt inn og utplassert båter ved Langtjønna på Memurutunga og ved Hesttjønna. Fylkesmannen sende saka til tilsynsutvalet, som gav slik uttale:

*«Tilsynsutvalet ser behovet og nytten av ein båt på Hesttjønnet for betre utnytting av fiskeressursane, og meiner at det bør utplasserast ein båt her. Forvaltninga av nasjonalparken bør sjå på dette som eit tilretteleggingstiltak for almenta, og eventuelt i samråd og samarbeid med fjellstyret stå for kostnaden med tiltaket. Alternativt må det til eit eventuelt løyve til Kjetil Sveine knytast vilkår om bruken av båten, slik det er peikt på i merknadene til saka. Når det gjeld Langtjønna, kan ikkje tilsynsutvalet sjå at det er noko stort behov for båt her for utøving av fiske. Men tilsynsutvalet har forståing for at det er tenleg med ein båt her for å kunne drive ein meire intensiv fiskeskjøtsel, og lette dette arbeidet, og tilrår at forvaltningen gjev løyve til utplassering, og støttar innkjøpet av ein båt også her. Båten må vera tilgjengeleg for alle, men fjellstyret bør stå for tiltaket. Samrøystes.»*

Forvaltningsstyresmakta, som da var Fylkesmannen, trekte følgjande konklusjon i brev 28.04.2006:

*«Fylkesmannen ser behovet for å ha et begrenset antall båter ved enkelte vatn i nasjonalparken. Vi ser det som et viktig moment at slike båter skal kunne benyttes av den delen av allmennheten som har bruksrett til slikt fiske (faststående redskap). Vi ser det ikke som ønskelig å ha mange båter tilhørende enkeltpersoner ved fiskevatn i nasjonalparken. Fylkesmannen vil derfor ta opp med fjellstyret om å få plassert en båt til felles bruk på Hesttjønna og eventuelt Langtjønna. Gjennom en slik ordning vil denne båten også kunne benyttes av Dem. Inntil videre vil fylkesmannen avvente endelig behandling av søknaden før vi ser hvilke fellesløsninger fjellstyret og fylkesmannen kan komme fram til.»*

Avslaget vart påklaga av Sveine ved brev 22.05.06, men klagen synest ikkje å vera behandla, jf. tilgjengelege dokument i arkivsak 2006/333.

#### Søknaden frå Kjell Kleiven:

Når det gjeld søknaden frå Kjell Kleiven om plassering båt ved Hinnotetjønne, vil likskapsprinsippet tale for at han bør få ha båt sidan det også er gjeve løyve her til andre private. Samstundes er det i dei fleste sakene av liknande karakter peika på at dei ikkje bør vera for mange båtar, og at det bør arbeidast med fellesløysingar om ein får mange enkeltsøknader frå private.

Ein må i vurderinga også ta utgangspunkt i situasjonen på vernetidspunktet. Fjellstyret viser til sine uttaler til: «*At jakt og fiske skulle kunne utøvast som det hadde vore gjort før, og etter gjeldande lover og forskrifter frå fiske- og viltstyresmaktene, var ein viktig føresetnad for den lokale tilslutninga til opprettinga av nasjonalparken, og dette vart det teke omsyn til ved utforminga av vernereglane. Å nekte utplassering av båtar vil vera eit inngrep og ei svekking av dei føremunane innanbygdsbuande har til fiske etter fjellova*».

Betre økonomi og høve til enklare transport av båtar til veglause område har nok gjort at fleire kan sjå for seg ei ordning med båt ved eitt eller anna vatn i Jotunheimen enn det ein såg for seg da verneområdet vart oppretta. Transport med snøscooter er ingen rett etter fjellova, og må vurderast på heilt fritt grunnlag utan å sjå dette spørsmålet som svekking av gamle rettar. Retten til å utøve fiske er ikkje innskrenka av verneforskrifta, men tekniske tilretteleggingstiltak vil vera regulert.

Ei anna problemstilling, som og krev nærare drøfting, er kva moglegheit ein har til opprydding og fjerning av båtar som ikkje lenger er i bruk. Det er vanskeleg å definere når båten eventuelt ikkje lenger er i bruk, og tiltakshavaren vil ofte ikkje sjølv vera i stand til – eller interessert i – å gjennomføre ryddinga når forvaltninga vurderer fjerning som nødvendig. Dersom ein hadde hatt fellesløysingar i regi av fjellstyret, eller ei gruppe brukarar som hadde gått saman om felles båt og utstyr, ville ein hatt betre høve til oppfølging enn om ein skal operere med fleire enkeltpersonar.

Nasjonalparkforvaltarane tilrår at vi lagar ei høyringssak til dei aktuelle fjellstyra og alle tilsynsutvala før nye enkeltsaker kan behandlast. Aktuelle problemstillingar i høyringa:

- Prinsipp for utplassering av private båtar ved vatn i statsallmenningane innan verneområda
- Kan det opnast for faste innretningar som garnkasser/oppbevaringskasser, og eventuelt kva vilkår som bør stillast til lokalisering, utforming og omfang
- Er det behov for soneinndeling, der ein har enkelte vatn med opning for private installasjonar, og andre soner med berre fellestiltak i regi av fjellstyre eller andre grupper som organiserer fellesløysingar?
- Andre moment

### Konklusjon

Av omsyn til likskapsprinsippet og gjeldande føringar om å ha eit avgrensa tal båtar innan verneområdet, må ein ta ein prinsippdiskusjon kring spørsmålet om utplassering av båtar for privatpersonar ved vatn i nasjonalparken før nye enkeltsøknader blir tekne opp til behandling. Spørsmålet om eventuell plassering av faste installasjonar som garnkasser må også drøftast på eit overordna nivå før ein tek stilling til enkeltsøknader.

Arkivsaksnr: 2014/2130-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 31.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	26/2014	07.04.2014

## Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2014 - Etablering av nytt vanninntak og helikoptertransport - Stiftinga Avdal Gard

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde pkt. IV, 4e og pkt. IV, 8, får Stiftinga Avdal Gard løyve til:

- Å etablere eit nytt vassinntak ved å lage ein ny vasskum med 2-3 betongringar like nedanfor brua oppstraums Avdalsfossen.
- Inntil 4 landingar med utstyr og materiell til etablering av det nye vassinntaket.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 2014.
- Graving og sprenging i bassenget i elva skal haldast til eit minimum for å kunne etablere eit driftssikkert vassinntak. Terrengtilpassing er viktig.
- Sprengt stein skal leggest i terrenget slik at det ikkje er synleg.
- Nasjonalparkforvaltar eller SNO skal sluttgodkjenne tiltaket og kan pålegge utbetring for å redusere påverknaden på landskapet.
- Helikoptertransporten skal varslast til naturoppsyn Rigmor Solem på førehand (mobil 959 65 158).

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta.

Tiltakshavar har ansvar for å innhente andre nødvendige løyve, m.a. frå kommunen, som er forvaltningsmyndigheit etter motorferdsellova og plan- og bygningslova.

### Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 14.03.2014, frå Stiftinga Avdal Gard.

#### Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

#### Bakgrunn for søknaden

Stiftinga Avdal Gard har gjennom fleire år restaurert og teke vare på den gamle høgdegarden Avdal, både bygningar og kulturlandskapet. Dei gamle bygningane som anten er bygd opp att eller restaurert, blir brukt som ei betent turisthytte gjennom sommarsesongen. Dette inkluderer matserving. Stiftinga har nå fått pålegg av Mattilsynet om å få på plass ei godkjent vassforsyning innan sommarsesongen 2014.

Dagens vassforsyning med ein slange opp i elva er ikkje god nok og ein må på plass eit meir stabilt vassinntak i elva. Dette er planlagt løyst med å etablere ein vasskum (2-3 betongringar) i eit lite basseng i elva like nedanfor brua. Truleg må ein både grave og sprengje vekk litt av berget for å få kummen på plass. Dette arbeidet krev transport av noko boreutstyr og betongringar med helikopter. Arbeidet elles er planlagt utført for hand.

#### **Heimel**

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er alle inngrep som vesentleg endrar landskapet sin eigenart eller karakter forbode, m.a. oppføring av anlegg (verneforskrifta pkt. IV, 2). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ombygging av eksisterande turisthytter (verneforskrifta pkt. IV, 4e).

Det er også forbod mot motorferdsel og landing med luftfartøy i landskapsvernområdet (verneforskrifta pkt. IV, 8), men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene».

#### **Vurdering**

Det er lagt ned veldig mykje arbeid for å sette i stand att Avdal Gard. Den beste føresetnaden for vidare vedlikehald, er bruk av både området og bygningane. Overnatting og servering av mat er eit viktig tilbod til turgåarar og gjer inntekter til drift og vedlikehald av den gamle garden. Kravet om betre vassforsyning er ein føresetnad for å kunne få eit godkjent anlegg slik at drifta kan halde fram.

Det planlagde vassinntaket ligg like ved brua i eit aktivt kulturlandskap som er forma av menneskeleg aktivitet. Inntaket er planlagt på om lag 400 moh., i bjørkeskogbeltet i kanten av kulturmark. Noko lenger nede fell elva ut i Avdalsfossen som er eit viktig landskapselement. Elva har typisk flaumtopp vår og haust, men elva er for bratt i dette området til å legge opp store mengder lausmassar. Inntaket vil ikkje vere synleg frå avstand. Frå gardstunet i Avdalen går det ein sti opp til brua, om lag parallelt med eksisterande vasslange (§8 i naturmangfaldslova).

Oppsamling av vatn vil både betre kvaliteten på vatnet og truleg gje eit meir driftssikkert anlegg. Kulturlandskapet er prega av at området er brukt av menneske og dermed mindre sårbar for inngrep enn meir urørte naturområde. Betongringar og sprengt fjell vil likevel bli oppfatta som framandelement og det er viktig at minst mogleg vert synleg og/eller skjerma mot innsyn. Vilkår

om tilpassing i terrenget er derfor viktig ( §9 i naturmangfaldslova). Arbeidet er fysisk tungt og skal utførast for hand. Dermed er det sikrare at tiltaket ikkje blir større enn naudsynt for å etablere eit driftssikkert anlegg. Helikopter er naudsynt for å få på plass så tungt utstyr og materiell. (12 i naturmangfaldslova). Sjølv om vasskummen blir eit nytt element i området, vil ikkje dette tiltaket endre opplevinga av det gamle kulturlandskapet som pregar Avdal Gard. Tiltaket krev inntil fire helikopterturar innan eit avgrensa tidsrom og dermed ha avgrensa påverknad på naturmiljøet (§10 i naturmangfaldslova). §11 i naturmangfaldslova er ikkje relevant i denne saka.



Arkivsaksnr: 2014/1329-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 28.03.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	27/2014	07.04.2014

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Til Topps 2014 - Tur mot Galdhøpiggen m.m. - Norges Røde Kors m.fl.

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret ser positivt på at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevingar, og leggje til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern blant deltakarane. Arrangementet er lagt til eit område av parken med relativt høg grad av tilrettelegging og er definert som brukssone i gjeldande forvaltningsplan. Under føresetnad av at turane blir lagt til etablerte stigar og at det er høgt fokus på ferdselsvett og tiltak mot forsøpling, vil ikkje arrangementet vera i strid med vernereglane.

Arrangementet «Til Topps» blir ikkje vurdert å vera i strid med vernereglane – jf. § 3 punkt 6.2 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, og kan derfor gjennomførast i dagane 6.-7. juni 2013 på følgjande vilkår:

- Turane i arrangementet skal i størst mogleg grad følgje etablerte stigar og merka ruter i området.
- Arrangøren skal sørge for at deltakarane får god informasjon om vernereglar for nasjonalparken på førehand. Her skal det særleg leggjast vekt på forbod mot forsøpling og at alt søppel må takast med ut av området av den enkelte. Vidare er det viktig å understreke at vilt som måtte finnast i området ikkje skal uroast unødig.
- Nasjonalparkstyret ber om at det via nettsida [www.tiltopps.no](http://www.tiltopps.no) og eventuelt utsendt materiale til deltakarane blir informert om at turane til Galdhøpiggen og Svellnosbreen også er eit besøk i Jotunheimen nasjonalpark.
- Nasjonalparkforvaltninga stiller gjerne opp med informasjonsstand på kulturfesten.
- Det skal innan 1. juli 2014 sendast ein enkel rapport frå arrangementet, med orientering om kva informasjon deltakarane får om nasjonalparken, opplysning om talet på deltakarar, omtrentleg fordeling på dei ulike turalternativa og eventuelle opplysningar om uføresette hendingar eller andre forhold av interesse.

Rapporten skal sendast til Nasjonalparkstyret v/ Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad av 15.02.2014
- Dokument knytt til tidlegare års arrangement

Norges Røde Kors har ved brev av 15.02.14 sendt søknad om løyve til arrangement av «Til Topps 2014». Dette er eit integreringsprosjekt i samarbeid mellom Norges Røde Kors, Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), Kommunenes Organisasjon og Den Norske Turistforening. Det er lokalt samarbeid med Spiterstulen, Juvasshytta, Lom kommune og Røde Kors i forhold til fasilitetar, beredskap og logistikk. Til Topps vart første gongen arrangert i 2007, med nær 1000 deltakarar frå heile landet. Til Topps har sidan vorte gjennomført i 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013, og i alt 6000 personar har vore med på desse turane frå starten. Arrangørane viser til positive tilbakemeldingar frå deltakarar og lokale samarbeidspartar, og framhevar at dei legg vekt på sikkerheit, natur- og miljøomsyn.

Til Topps 2014 er planlagt gjennomført over to dagar frå 6.til 7. juni, med kulturfest i Presthaugen om kvelden 6. juni, og ulike turalternativ i Lom og Jotunheimen 6.-7. juni:

*Tur 1: Spiterstulen - Galdhøpiggen*

*Tur 2: Spiterstulen – Blomstertur*

*Tur 3: Spiterstulen - Svellnosbreen/Eventyrisen*

*Tur 4: Juvasshytta – Galdhøpiggen*

*Tur 5: Lom – Bergomsrunda*

*Tur 6: Lom - Solhell – Lomseggen (skal truleg vera Soleggen, ikkje Lomseggen)*

Når det gjeld miljøomsyn blir det vist til følgjande i søknaden: *«Vi vil også denne gang legge vekt på viktigheten av å ta vare på natur- og friluftssinteressene i området og vil stille strenge krav til at deltagere unngår å kaste fra seg søppel og annet i naturen uvedkommende i området. Vi akter å forlate stedet minst like pent som da vi kom. Det vil ikke være motorferdsel i området i tilknytning til vårt arrangement.»*

Tidlegare løyve er gjeve med følgjande ordlyd:

2007, 2009: *«Fylkesmannen mener arrangementet ikke er i strid med vernereglene og gir med hjemmel i pkt. § 3, 6.2 i verneforskriften tillatelse til arrangementet.*

Vilkår:

- *Turene i arrangementet skal i størst mulig grad gå på stier/merkede ruter i området.*
- *Deltagerne skal bli gitt informasjon om vernereglene for nasjonalparken i forkant av turene.»*

2010: *«Fylkesmannen mener arrangementet ikke er i strid med vernebestemmelsene for nasjonalparken og gir med hjemmel i Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 34 og § 77, og § 3, pkt. 6.2 i verneforskriften tillatelse til arrangementet.*

Vilkår:

- *Turene i arrangementet skal i størst mulig grad gå på stier/merkede ruter i området.*
- *Deltagerne skal bli gitt informasjon om vernereglene for nasjonalparken i forkant av turene.*
- *Fylkesmannen ønsker en rapportering fra arrangementet, der bl.a. antall deltagere fremgår. Rapporten sendes oss innen 1. juli 2010.»*

Følgjande vurderingar har tidlegare vorte lagt til grunn:

2010: *«Arrangementet skal vurderes i forhold til vernereglene for nasjonalparken (pkt. 6.2). Så sant deltagerne holder seg til stiene i området, vurderer vi at arrangementet ikke har noen negative følger for verneformålet. Vi ser det som positivt at et slikt arrangement legges til Jotunheimen. Dette kan gi mange nye grupper gode naturopplevelser, samtidig som det bidrar til en positiv profilering av området. Vi ser det som en fordel at arrangement av en slik størrelse blir lagt til perioder utenom den tiden på sommeren med høyest utfart. Ut fra dette hensynet er juni en gunstig måned. Samtidig er dette en tid på året der dyre- og fuglelivet er mer sårbart. Vi henstiller derfor om at turene skjer langs stier og at deltagerne blir informert om de vernereglene som gjelder for nasjonalparken i forkant av turene. Dette*

*gjelder bl.a. at det er strenge regler mot forsøpling i nasjonalparken. Vi ber arrangøren også merke seg at det kan være en del snø i dette området så tidlig på sommeren.»*

Det har fleire gonger vorte sett vilkår om enkel rapportering etter arrangementet. Ein kan ikkje sjå at dette har vorte følgd opp av arrangøren.

## Vurdering

Tiltaket skal vurderast etter verneforskrift, forvaltningsplan og reglar i naturmangfaldlova.

### Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark

#### § 3 Vernereglar

*For nasjonalparken gjeld følgjande reglar*

.....

#### *Andre aktivitetar*

- 6.1. Bruk av nasjonalparken i samband med større treningsopplegg, øvingar, jaktprøvar m.m. kan berre skje etter godkjenning frå forvaltningsstyremakta.*
- 6.2. Godkjenning trengst ikkje for verksemd i samband med vanleg fotturisme, enkeltstående arrangement eller pedagogisk tiltak som vert drivne av universitet, skoler eller andre institusjonar og lokale lag og foreningar, når dette ikkje kjem i strid med vernereglane.*

Så lenge deltakarane held seg til merka stigar/løyper i området, har ein vurdert det slik at arrangementet ikkje vil ha negative konsekvensar i høve til verneformål eller vernereglar.

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt Galdhøpiggen og Visdalen er godt. Visdalen har eit rikt planteliv og leveområde for småvilt, men det er ikkje registrert særskilt sårbare artar som gjer at ein bør unngå ferdsel i området.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) gjer seg ikkje gjeldande når det gjeld ferdsel til fots etter etablerte stiar/løyper.
- Etter § 10 "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Arrangementet opnar for at flest mogleg får oppleve det enkle friluftslivet i tråd med norske tradisjonar. Arrangementet er lagt til ein brukssone med tilrettelegging for fotturisme.
- § 11 om at *«kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»* er ikkje relevant.
- § 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*: Det er ikkje lagt opp til motorferdsel, og regelen vert ikkje vurdert som relevant i denne saka.

Galdhøpiggen og Svellnosbreen ligg innan **Jotunheimen nasjonalpark**. For deltakarane på desse turane er det viktig å informere om at dei ferdast i nasjonalpark. Det er i tidlegare løyve sett som vilkår at deltakarane skal informerast om dette, men ein ser ikkje korleis dette er løyst. Det står ingenting på nettsida om at nokre av turane går i nasjonalpark. Dette gjeld topturen til Galdhøpiggen, Svellnosbreen og truleg delar av blomsterturen frå Spiterstulen.

*«Til Topps 2013»* er eit arrangement som fremmar det enkle friluftslivet. Arrangementet har vore gjennomført fleire år, og det er ikkje registrert negative reaksjonar.

Vi ser det som positivt at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevingar, og leggje til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern hos deltakarane. Arrangementet kan samtidig bidra til positiv profilering av området. Det er ein fordel at arrangement av slik omfang blir lagt til periodar utanom den tida på sommaren som det er størst utfart, og ut ifrå dette omsynet er juni ein gunstig månad. Samtidig er dette ei tid på året da dyre- og fuglelivet er sårbart. Vi oppfordrar derfor til at turane

blir kanalisert til eksisterande stignett, og at deltakarane blir informert om vernereglane som gjeld for nasjonalparken i forkant av arrangementet. Dette gjelder m.a. at det er strenge regler mot forsøpling i nasjonalparken, og at det ikkje er renovasjonsordning innan parken. Alt søppel må derfor takast med ut av området av den enkelte. Vidare er det viktig å understreke at vilt som måtte finnast i området ikkje skal uroast unødig.

**Konklusjon:**

Det er positivt at eit slik arrangement blir lagt til Jotunheimen, da det kan gje nye brukarar av nasjonalparken gode naturopplevingar, og leggje til rette for auka kunnskap og forståing for naturvern hos deltakarane. Arrangementet er lagt til eit område av parken med relativt høg grad av tilrettelegging med merka stigar, og innan det som er definert som brukssone i gjeldande forvaltningsplanen. Under føresetnad av at turane blir lagt til etablerte stigar og at det er høgt fokus på ferdselsvett og tiltak mot forsøpling, vil ikkje arrangementet vera i strid med vernereglane.